

# **Referat frå møte i Fylkesberedskapsrådet**

## **29. mai 2015**

Fylkesmannen ønska velkommen. Sidan sist møte, 2. desember 2014, har det vore ei større hending. Det var ekstremvêret Nina den 10. januar 2015. Fylkesmannen har evaluert denne hendinga, og det var eigen post på programmet.

Det er fleire reformer og instruksar på gang som vil ha innverknad på arbeidet til fylkesberedskapsrådet. Endringar av politiloven med ny inndeling av politidistrikt er vedteke. Ny organisasjonsplan for redningstenesta, revisjon av instruks for forsvarets bistand til politiet og ny beredskapsinstruks for fylkesmannen er venta ferdig før Stortinget tek sommarferie. Noko av dette kan sjåast i samanheng med den kritikk som Justis- og beredskapsdepartementet har fått av Riksrevisjonen for manglande oppfølging av samfunnstryggleiksarbeidet på regionalt nivå. Kommunal og moderniseringsdepartementet har og starta arbeidet med ei ny styringsform av fylkesmennene der fagdepartementa i praksis skal ta meir direkte ansvar for den faglige oppfølginga av fylkesmennene.

Fylkesmannen minna til slutt om at samfunnstryggleikskonferansen 2016 skal vere den 6. januar.

I post nummer to på programmet informerte regiondirektør Hallgeir Herikstad om den nye to-nivåorganiseringa og den nye regioninndelinga av Mattilsynet. Seniorrådgivar og beredskapskoordinator Ingeborg S. Watne gjekk nærmare inn på korleis beredskapsarbeidet nå var organisert og orienterte om status for dei mest aktive dyresjukdomane. Deira presentasjon ligg ved referatet.

Neste innlegg heldt seniorrådgivar og tilsynskoordinator Grete Flåten frå Fylkesmannen. Ho orienterte om kommunal beredskapsplikt og fylkesmannen sine erfaringar med tilsyn med kommunane. Ein god lokal beredskap føreset at regionalt nivå, dvs. fleire av medlemene i fylkesberedskapsrådet, i større grad deltar i arbeidet når kommunane skal lage ROS-analysar og beredskapsplan. Fylkesmannen ber dykk derfor vere positive når kommunar tek kontakt for eit samarbeid. Plansjane ho viste ligg ved referatet.

Rogaland Fylkeskommune har teke initiativ til å utvikle ein felles samvirkestrategi for samfunnsstryggleik i Rogaland. Dette arbeidet presenterte seniorrådgivar Helene Roth. Det er fleire aktørar innan beredskapsmiljøet som er med i dette arbeidet. Både fagmiljø innan utdanning og forsking, petroleumsverksemda og innovasjon og utvikling i helseføretak og i brannberedskap knytt til undersjøiske tunnelar. Fylkesmannen har og delteke i dette. Plansjane ho viste ligg ved referatet.

Til slutt var det sett av tid til å evaluere ekstremvêret Nina. Sidan Nord-Rogaland fekk dei største utfordringane presenterte Haugaland Kraft og Haugaland og Sunnhordland politidistrikt sine erfaringar. Torgeir Våge frå Haugaland Kraft og Bernt Norvalls frå Haugaland og Sunnhordland politidistrikt.

Fylkesberedskapssjef Reidar Johnsen informerte om varslinga av ekstremvêret og kva Fylkesmannen gjorde nårvêret var over Rogaland. Fylkesmannen tok initiativ til ei evaluering om lag ei veke etter hendinga. Alle kommunane, begge politidistrikta, Statens Vegvesen, Lyse Energi, Haugaland kraft og Telenor blei bedt om å sende inn ei evaluering. Utvalet regionale etatar representerte dei regional etatare som fekk utfordringane; straumforsyninga, teletenestene og vegar og ferjesamband.

Evalueringrapporten blei sendt ut 16. mars 2015. Det er samanfatta sju læringspunkt som Fylkesmannen ber dei regionale etatare (fem) og kommunane (to) ta tak i. Det er viktig at desse læringspunktene blir følgde opp av dei som har ansvaret. Plansjane ligg ved referatet. De same gjer Fylkesmannen si evaluering av Nina.

Nest møte i fylkesberedskapsrådet er 2. desember 2015

Statens Hus 18. juni 2015

Reidar Johnsen (ref)